


Kva meiner du om Beinavikjo-planen?

24.09.2007



SKISSE
 KRYSS MOT RIKSVEG
 REG. PL.
 BEINAVIKJO BRUGGE, USKEDALEN
 KVINNHEIAD KOMMUNE
 MÅL : 1:500
 DATO : 03.09.07

ARKITEKTKONTOR PT
 ANDERS OG OLAV VIKØREN AS
 VIK I SOGN REG NO 978 667 481 MVA

Slik har arkitekten tenkt seg det nye krysset mot riksvegen.

Kva meiner du om framlegget til reguleringsplan for Beinavikjo-området? Det kan du gje uttrykk for hvis du kjem på det opne møtet som Uskedalen Utvikling held tirsdag kveld i gamleskolen (klokka 19).



- og slik er krysset i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)


Uskedalen Brygge er oppdragsgjevar og målet med planen har vore å rehabilitera aktivitetsnivået som historisk har vore i dette området. Planen er utarbeidd slik at han skal fanga opp framtidig utbyggjing i lang tid framover. Han inneheld til dømes vyar om byggjing av appartementshotell!

Utbyggjar Geir Rusten kjem og det gjer også arkitekten hans, Anders Vikøren, som har laga planen. Den omfattar heile området mellom riksvegen og fjorden - frå krysset med riksvegen og fram til det nærmaste nauset bortanfor Uskedalen Brygge. Arkitekten gjer framlegg om at det her kan byggjast hyttenaust i to etasjar og loft og at etasjane over underetasjen skal kunne nyttast til fritidsbustadføre mål.

Områda KH1 og KH 2 skal kunne nyttast til kombinert føremål bustad/fritidsbustad/hotell.
 Områda KB1, KB2, KB3, KB4 og KB5 skal kunne nyttast til kombinert føremål bustad/fritidsbustad.

Eit viktig punkt i planen er at han fjernar ein del avkøyrslar til riksvegen.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er reguleringsplan-framlegget slik det no føreligg.